

Vandretur i fjellet sitt naturmangfald

Norsk Villreinsenter Sør markerar FN sitt internasjonale år for naturmangfald gjennom fleire arrangement i 2010. Komande laurdag, 17.juli, byr me, i samarbeid med Vinje kommune, FN-sambandet Sør, Telemark Turistforening (TTF) og Statens Naturoppsyn (SNO), på vandretur med følgjande tema: «Geologien som grobotn for liv og virke på fjellet».

Turen, som startar ved Bjåen Fjellstove og går opp mot Bukkenuten, går i fjell- og heitruker i Setesdal Austhei villreinområde, Dette ber preg av rolege landskapsformer med fjellbjørkeskog og myrområde nedst, medan ein lenger oppe har snaufjell med nutar og kollar.

Det blir ein tur med stopp undervegs, der ein får høyre om mangfald både i natur og kultur.

Etter turen kan ein bli med på eit måltid på Bjåen Fjellstove, der Ragnhild Bjåen fortel om denne tradisjonsrike staden.

Sjå heimesidene til Vinje kommune, SNO/NVS eller TTF.

Ynskjer du å vere med, så kontakt Vinje kommune – tenestetorget og meld deg på!

Velkomen!

Informasjon:

Tidspunkt: Laurdag 17. Juli kl 10.00

Møtestad: Bjåen Fjellstove ved riksvegen mellom Haukeli og Hovden

Turlengde: Omlag 6-8 km / 4-5 timar

Terreng: Fjellterreng med lett stigning, noko småkupert

Målgruppe: Interesserte i alle aldrar

Klede og utstyr: Vanlege turklede etter tilhøva, gode fjellsko, mat og drikke

Turleiarar/rettleiarar: Tina Dahl og Brita Homleid Lohne frå SNO/NVS og Jon Ingebretsen frå TTF

Sjølve turen er gratis, medan pris for kortreist tradisjonsmat på Bjåen Fjellstove er kr. 200,- for vaksne og kr. 50,- for ungar under 15 år.

Påmelding: Vinje kommune – tenestetorget tlf. 35 06 23 00 innan 16. juli